



Saksframlegg

| Saksnr: | Utval: | Dato |
|---------|--------------|------|
| | Valnemnd | |
| | Heradsstyret | |

| | | | | | |
|-----------------|--------------------------|-----------|---------|-----------------|--|
| Sakshandsamar: | Politisk-adm.sekretariat | | | Bente Skjerping | |
| Avgjerslemynde: | | Arkivnr.: | 17/1550 | Klassering: | |

Søknad om permisjon frå politiske verv for perioden 01. august til 30. november 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Representanten Annbjørg Bysheim Herland, KRF får innvilga permisjon frå sine politiske vervsom medlem for perioden 01.08.17 – 30.11.17.

Første vararepresentant, Leif Tore Solberg, rykkjer opp som fast medlem for same periode. Dei resterande vararepresentantane på Kristeleg folkeparti si liste rykkjer opp i nummerrekjkjefølgje.»

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Annbjørg Bysheim Herland, er vald som representant for Kristeleg folkeparti for perioden 2015 – 2019.

Ho søker no om permisjon frå Heradstyret frå og med 01. august til ut november månad 2017 i samband med ferdigstilling av masteroppgåve.

Fritak frå teneste i verv på grunnlag av søknad er regulert i kommunelova § 15 nr. 2 som lyder: "2. Kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad frita, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter i vervet."

Om korleis regelen er å forstå er det i kommentarane til kommunelova (Overå/Bernt: Kommuneloven med kommentarer) teke inn m.a.:

"Fritak er betinget av at vedkommende "ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter i vervet". Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdsrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vervet medfører. Avgjørelsen må nødvendigvis bli temmelig skjønnsmessig.

Forhold som politiskmotgang, endret politisk oppfatning eller utilfredshet med organets arbeid vil imidlertid etter tradisjonell lære som utgangspunkt ikke kunne kvalifisere til fritak. Men etter at man i loven nå også har tatt inn ordet "belastning" som alternativ til "vansklighet", kan man ikke helt utelukke slike forhold som fritaksgrunn i situasjoner hvor de har ført til helsemessige eller sosiale belastninger for et medlem, jf. NOU 1990: 13 s. 185 hvor det blant annet uttales:

"Utvalget vil vise til at det kan være usikkert hvor langt begrepet "uforholdsmessig vanskelighet" rekker og foreslår derfor formuleringen "...den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning ..." for å klargjøre at det også kan være andre forhold enn de som er nevnt overfor som kan gjøre det svært vanskelig for en representant å fortsette i vervet, og hvor det derfor kan være rimelig å frita vedkommende."

Dersom Annbjørg Bysheim Herland får innvilga permisjon, vil første vararepresentant rykkja opp som fast medlem i permisjonsperioden. Dei andre varamedlemmene rykkjer tilsvarande opp i den rekjkjefølgje dei er valde, jfr. kommunelova § 16, nr. 1 og 2:

"1. Har medlemmer forfall til et møte i et folkevalgt organ, innkalles varamedlemmer såvidt mulig i den nummerorden de er valgt. Varamedlemmer innkalles fra den gruppe hvor det er forfall.

2. Hvis medlemmer av kommunestyret eller fylkestinget trer endelig ut eller får varig forfall, trer varamedlemmer fra vedkommende gruppe inn i deres sted i den nummerorden de er valgt hvis organet er valgt ved forholdsvalg. Et kommunestyre valgt ved flertallsvalg, trer varamedlemmer inn i den nummerorden de er valgt.»

Valstyret føretok nytt valoppgjer for å fylla den ledige varamedlemsplassen i heradsstyret når ordføraren finn det nødvendig, jfr vallova § 14-2 nr 2. I denne sak gjeld det ein avgrensa periode og det er nok vararepresentantar utan nytt valoppgjerd.

Mynde etter kommunelova § 15, nr. 2 til å gje permisjon/fritak frå politiske verve kan delegerast til formannskapet.

Annbjørg Bysheim Herland er fast medlem i plan- og kommunalteknnisk utval, forhandlingsutvalet og valnemnda. Vidare er ho varamedlem til formannskapet, administrasjonsutvalet, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og valstyret.

Vurdering

Rådmannen finn at det er høve til å gje permisjon i medhald av kommunelova § 15.2. Ein ser ikkje at det er behov for å velja nye varamedlemmer i samband med permisjonen, då kanskje med eit unntak for plan- og kommunalteknnisk utval, der Felleslista for H, KRF, SP , V og MDG berre har fire varamedlemmer. I samband med permisjonen vert det då tilgjengeleg berre tre varamedlemmer, og det kan vera vera litt knapt.

Kommunelova § 16, nr. 5 opnar for å velja fleire varamedlemmer, fast eller mellombels frå den gruppa som har for få. Kravet til minst 40% representasjon frå begge kjønn som varamedlemmer til utvalet. Jfr. og kommunelova § 37, nr. 4 .. *Hver liste skal så vidt mulig tildeles så mange varamedlemmer som den får medlemmer med tillegg av to.* I dette tilfellet utgjer dette 5 varamedlemmer.

Folkehelse – ikkje vurdert i saka

Miljø – ikkje vurdert i saka

Økonomi – ikkje

Konklusjon

Saka vert lagt fram for valnemnda og heradsstyret til vurdering og avgjerd.

Ikkje vedlagte saksdokument:

| Doknr | Type | Dato | Tittel på saksdokumentet |
|-------|------|------|--------------------------|
| Doknr | Type | Dato | Tittel på journalpost |